

Til hovudleiarar og reiseleiarar

Dato: 12.04.2016
Vår ref.: 2015/10661-113
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Velkomen til UKM-festivalen i Hordaland 2016

Vi har gleda oss lenge til UKM-festivalen i Hordaland og no er den endeleg i gong!

Hordaland fylkeskommune og UKM Norge vil gjerne understreke at det å bli sendt vidare til UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. UKM skal vektleggjast som ein møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskapen, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltakarane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener.

Det er mykje som skjer i løpet av UKM-festivalen i Hordaland, og mange tidspunkt og beskjeder å helde styr på. Det er difor viktig at alle ungdommane har ein kontaktperson frå sin kommune, som dei kan gå til om både smått og litt stort. Dykk som er hovudleiar / reiseleiar vil fungere som bindeleddet mellom UKM Hordaland og deltakarane. Det er difor sett som krav om at kvar kommune sender med éin reiseleiar per 10.deltakar. Deltakarar som ikkje tek del i heile festivalen vert ikkje vurdert til å representere Hordaland under UKM-festivalen i Trondheim (landsfestivalen) i juni.

Dei personane som er satt opp i samtykkeskjemaet frå kommunane (passe på at deltakarane kommer seg i seng) skal sove med deltakarane på overnattingsstaden (Haugeveien 28). Der søv også Marianne Ose Askvik (Fylkeskontakt UKM Hordaland) og produsentane Inni Mowinckel og Line Yvonne Eidheim. Det er ei skule vi bur på, så det er lagt til rette for eigne jente- og gutterom, i tillegg til rom der berre vaksne søv (for dei som ikkje ønskjer å sove i same rom som deltakarane). Dersom noko skulle skje med ein deltakar i løpet av helga, må vi ha ein kontaktperson frå kommunen å ringje. Det er securitas-vakt som går rundt på skulen om natta og passar på.

På nettsida www.ukm.no/hordaland ligg mykje nyttig informasjon.

Viktig informasjon:

Arena: USF, Verftet. Adresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen.

Tid: Fredag 15.april – Sondag 17.april.

Overnatting: Haugeveien 28 (lokala til Bergen tekniske fagskole).

Det er Sekretariat både på USF og i Haugeveien. Her kan du stille spørsmål og hente eit program / kunstkatalog. Dersom det er behov for paracet, ibux, tampongar, bind, eller plaster, er dette tilgjengeleg her.

Fredag 15.april

Registrering i Sekretariatet i Haugeveien 28 frå kl.17:00 til 19:00 (Seinare oppmøte er mogleg for dei som har lengre reise). I Haugeveien 28 er det 2 dusjar, og det er såleis ikkje høve for at alle deltakarar kan dusje. Deltakarar med «intensive» framvisingar vil få høve til å dusje backstage på USF ved behov.

Kick-off

Arena: Røkeriet, USF

Frå kl. 19:30 vert det servert pizza til alle deltakarar og vaksne. Kl.20:00 brakar det laus med eit Kick-off som varer til ca.21:30. Vi går deretter samla tilbake til Haugeveien 28. UA-deltakarane organiserer fleire sosiale aktivitetar for i ulike rom på huset.

I kantina i Haugeveien 28 vert det lagt til rette for at deltakarar og hovudleiare / reiseleiarar kan ordne seg kveldsmat når dei sjølv ønskjer det.

Laurdag 16.april

Frukost kl. 07:00 – 09:00

Av omsyn til kor mange som overnatter vert alle delt inn i følgjande grupper (etter kva kommune ein representerer) for når dei kan forsyne seg med frukost i kantina:

Frukost kl.07:00 – 08:00: kommunane Bergen, Os, Askøy, Fjell, Øygarden, Osterøy, Fusa, og Samnanger, Meland, Radøy, Austrheim, Austevoll.

Frukost kl.08:00 – 09:00: kommunane Stord, Tysnes, Bømlo, Kvinnherad og Voss, Kvam, Odda, Ullensvang, Jondal, Granvin, Ulvik, Eidfjord og Etne.

Workshops

Arena: USF

Tid: kl.09:30 – 12:30.

Informasjon om workshops ligg ute på www.ukm.no/hordaland/2016/04/07/workshops-oversikt/

Lunsj kl. 11:00 – 12:00

Arena: Møterommet (2.etg), USF

Lunsj til deltakarar og reiseleiarar vert lagt fram på kjøkkenet, ved sidan av Møterommet i 2.etg.

Framsyningar og kunstutstilling

Frå kl.12:30 opner dørane for publikum

Kl.13:00: Offisiell opning av UKM-festivalen i Hordaland i Røkeriet.

Kl.15:00: Offisiell opning av kunstutstillinga i Sardinien.

Middag kl. 16 – 20:

Arena: Sardinien, USF.

Av omsyn til sceneframsyningane er det ikkje høve for at alle deltakarane kan ete samtidig

HVA SKRIVER VI HER?

Etter siste framsyning i Røkeriet på USF går vi tilbake til Haugeveien 28. UA-deltakarane organiserer fleire sosiale aktivitetar for i ulike rom på huset.

I kantina i Haugeveien 28 vert det lagt til rette for at deltakarar og hovudleiare / reiseleiarar kan ordne seg kveldsmat når dei sjølv ønskjer det.

Sundag 17.april

Frukost kl. 07:00 – 09:00

Av omsyn til kor mange som overnatter vert alle delt inn i følgjande grupper (etter kva kommune ein representerer) for når dei kan forsyne seg med frukost i kantina:

Frukost kl.07:00 – 08:00: kommunane Stord, Tysnes, Bømlo, Kvinnherad og Voss, Kvam, Odda, Ullensvang, Jondal, Granvin, Ulvik, Eidfjord og Etne.

Frukost kl.08:00 – 09:00: kommunane Bergen, Os, Askøy, Fjell, Øygarden, Osterøy, Fusa, og Samnanger, Meland, Radøy, Austrheim, Austevoll.

Workshops

Arena: USF

Tid: kl.09:30 – 12:30.

Informasjon om workshops ligg ute på www.ukm.no/hordaland/2016/04/07/workshops-oversikt/

Lunsj kl. 11:00 – 12:00

Arena: Møterommet (2.etg), USF

Lunsj til deltakarar og reiseleiarar vert lagt fram på kjøkkenet, ved sidan av Møterommet i 2.etg.

Filmopning og framsyningar

Frå kl.12:30 opner dørene for publikum

Kl.13:00: Offisiell opning av filmminnslaga vert i Cinemateket på USF.

Kl.13:30: Framsyningar i Røkeriet, kunstutstilling i Sardinien. Varigheit til ca. 16:00.

Parkering

Det er **ikkje** høve for parkering på USF. Næraste parkeringshus er Klostergarasjen og Akvariet i Bergen.

Backstage

Det er **berre deltakarane og akkompagnatørar** som har høve til å opphalde seg bak scena.

Kontakt

Lurar du på noko i løpet av helga?

Marianne (Fylkeskontakt UKM Hordaland): 992 30 515

Line (Produsent UKM-festivalen i Hordaland): 909 96 424

Inni (Produsent UKM-festivalen i Hordaland): 936 34 242

Både Marianne, Line og Inni er på huset under heile festivalen og overnattar med deltakarane i Haugeveien 28.

Alle som jobbar under UKM-festivalen i Hordaland har på seg t-skjorte med UKM-logo og / eller hettegenser med UKM-logo.

Vi håper du og dine deltakarar får ein flott oppleving under UKM-festivalen i Hordaland!

Ronny Skaar
utviklingssjef / seksjonsleiar

Marianne Ose Askvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

